

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

**Frank Willy Djuvik (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ: Fylkesdirektøren opprinnelege framlegg:

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.
2. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidrarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle»

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ:

Endringsforslag punkt 2:

"Krav om fast ansettelse og forutsigbar arbeidstid". I den grad entreprenøren eller underentreprenøren nyttar innleigde frå bemanningsføretak, skal dei innleigde under gjennomføringa av oppdraget vere tilsett i bemanningsføretaket i tråd med arbeidsmiljølova § 14-9. Det skal dokumenterast at dei innleigde i all hovudsak er tilsett i ein stillingsbrøk som svarar til den einskilde si arbeidsti i det aktuelle prosjektet. I fall arbeidet vert utført i ei arbeidstidsordning utover 7,5 timer per dag/37 timer per veke, skal det dokumenterast at det ligg føre skriftleg avtale og arbeidsplan i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 10-5 og 14-6 j).

Endringsforslag punkt 3:

«Under punktet «Krav om faglærte håndverkere». Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Bonusordninga vert vurdert etablert for å sikre insitament for leverandørane til å auke talet på samla faglærd arbeidskraft. For å støtta bruken av dei mindre lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar og mindre prosjekt på fylkesveg avvike frå kravet. Ein oversikt over desse kontraktane vert årleg lagt fram for fagutvalet.

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 6 (parentes)

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale (slik det har vore praktisert i Hordaland).

### Avrøysting

Djuvik sitt forslag (punkt 2) fekk 21 røyster (FNB, FRP, H, PP) og fall.

Innstillinga sitt punkt 1 vart samrøystes vedteke

Innstillinga sitt punkt 4, 5 og 7 vart vedteke mot 20 røyster (1FNB (Nils Haugland), FRP, H, PP). Innstillinga punkt 6 med Andersland sitt forslag vart vedteke mot 20 røyster (1FNB (Nils Haugland), FRP, H, PP).

Dale sitt forslag vart vedteke mot 19 røyster (FRP, H, PP).

### Vedtak

1. Vestland innfører Oslo-modellen slik den vart vedteken i Hordaland fylkeskommune for alle bygg og anleggsprosjekt i regi av Vestland fylkeskommune. Kontraktskrava blir også innført i avdeling for infrastruktur og veg sine kontraktar seinast hausten 2021.

2. Krav om fast ansettelse og forutsigbar arbeidstid". I den grad entreprenøren eller underentreprenøren nyttar innleigde frå bemanningsføretak, skal dei innleigde under gjennomføringa av oppdraget vere tilsett i bemanningsføretaket i tråd med arbeidsmiljølova § 14-9. Det skal dokumenterast at dei innleigde i all hovudsak er tilsett i ein stillingsbrøk som svarar til den einskilde si arbeidsti i det aktuelle prosjektet. I fall arbeidet vert utført i ei arbeidstidsordning utover

7,5 timer per dag/37 timer per veke, skal det dokumenterast at det ligg føre skriftleg avtale og arbeidsplan i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 10-5 og 14-6 j)

3. Under punktet «Krav om faglærte håndverkere». Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Bonusordninga vert vurdert etablert for å sikre insitament for leverandørane til å auke talet på samla faglærd arbeidskraft. For å støtta bruken av dei mindre lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar og mindre prosjekt på fylkesveg avvike frå kravet. Ein oversikt over desse kontraktane vert årleg lagt fram for fagutvalet.

4: I tråd med Oslo-modellen og saksframleggelsen punkt «lærlinger» , vil Vestland ein krevje minimum 10% lærlingar på kontraktane i områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingeekravet vil vere på 1,1 mill, dvs. statleg terskelverdi (for kommunar er innslagspunktet 1,75 mill) og 3 mnd kontraktsvarighet.

5. Under punkt 5 «Begrensning i tal ledd underleverandører». Fylkestinget meiner at det er ei målsetting å avgrense talet på underleverandørar i vertikal kjede, da fleire ledd med underleverandørar gjer det vanskelegare å sikre at lønns- og arbeidsvilkår er i tråd med lov og bestemmingar, samt vanskelegare å kontrollere. I påvente av nasjonalt arbeid om norgesmodell, vert gjeldande formulering på tal underleverandørar vidareført.

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (slik det har vore praktisert i Hordaland).

7. Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis byggje inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriøsitetskrava.